



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

MOTTATT
25 JUN 2013

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		41048/2013/C00	Øivind Schanche	21.06.2013


Melding om vedtak. NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 - Høyringsuttale.

Fylkestinget i Møre og Romsdal behandla sak T-46/13 "NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 – Høyringsuttale" i møte 19.06.2013 og gjorde følgjande vedtak:

- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er grunn til å gje honnør til det arbeidet Engerutvalet har utført, og støttar opp om hovudkonklusjonane i tilrådinga frå utvalet. Likevel peikar fylkestinget på at utgreiinga manglar ei drøfting av strategiar for å sikre kulturelle kraftsentra over heile landet. Møre og Romsdal fylkeskommune er kritisk til den sterke posisjonen Norsk Kulturråd har fått som forvaltar av økonomiske verkemiddel. Staten bør derfor gå i dialog med KS om korleis legge til rette for ei regional forvaltning av heile eller delar av verkemidla som er tilpassa ei ønska utvikling i fylka.*
- Ei generell styrking av kommuneøkonomien må til, m.a. for å kunne vitalisere den generelle kulturkompetansen i kommunane.*
- Ytringskulturen som del av den kulturelle grunnmuren må styrkast ved å sikre økonomien til dei kommunale kulturskulane, folkebiblioteka og frivillig sektor. Tiltak som bør vurderast, er: Bruk av øyremerka tilskot eller utarbeiding av føresegner til lov som fastset volum og standard.*
- Møre og Romsdal fylkeskommune ber staten om å styrkje DKS økonomisk og organisatorisk. Den økonomiske styrkinga bør vere retta mot å kompensere for manglande løns- og prisauke gjennom mange år, samt å styrkje dei fagfelta i DKS som i dag har lite produksjonsmidlar. Møre og Romsdal fylkeskommune ber staten om å styrkje DKS organisatorisk gjennom å opprette eit kompetansesenter for DKS. Eit slikt senter skal inkludere alle dei 6 fagområda som DKS skal ivareta. Rikskonsertane si skolekonsertordning må som følgje av ei slik organisering bli ein integrert del av DKS på lik linje med dei andre fagområda både ressursmessig og organisatorisk. Det er ein føresetnad at DKS held fram med å vere ei lokal og regionalt styrt ordning utan sentralisering. Eit kompetansesenter for DKS må ivareta koordinerande funksjonar som gjeld forhandlingar om arbeidsvilkår, tildelingar og rapportering, kommunikasjonsressursar, kompetansebygging og arbeid med kvalitetsutvikling.*
- Det vert ikkje tilrådd at ansvaret for kulturminnevernet vert flytta frå Miljøverndepartementet til Kulturdepartementet. Det vert ikkje tilrådd å flytte ansvaret for kulturskolane frå Kunnskapsdepartementet til Kulturdepartementet.*

Saksframlegget finn ein på Møre og Romsdal fylkeskommune si heimeside: www.mrfylke.no.

Med helsing



Jon Aasen
fylkesordførar



Arvid Blindheim
fylkeskultursjef

Kopi:

Kommunenes Sentralforbund

Postboks 1378 Vika

0114

Oslo